



Planprogram

Kommuneplanen sin samfunnsdel



ALVER
KOMMUNE



Innhald

1. Innleiing	2
2. Slik skal vi jobbe med planlegging	2
2.1 Organisering av arbeidet	2
2.2 Roller og ansvar i arbeidet med samfunnsdelen	3
2.3 Langsiktige og overordna arealstrategiar	4
2.4 Handlingsdel integrert i økonomiplan	4
2.5 Berebjelkar i planarbeidet med samfunnsdelen	5
2.6 Framdriftsplan	7
3. Slik skal vi involvere og hente innspel	7
3.1 Dette seier lova om medverknad	7
3.2 Plan for innbyggjarinvolvering og kommunikasjon	8
4. Utviklingstrekk og sentrale tema i Alver kommune	9
4.1 Desse lokale planane og rapportane byggjer vi på	9
4.2 Sentrale utfordringar for Alver og forslag til tema i samfunnsdelen	9
4.2.1 Befolkningsutvikling	10
4.2.2 Samordna areal- og transportplanlegging	11
4.2.3 Grøn omstilling	11
4.2.4 Fellesskap og attraktive nærmiljø	12
4.2.5 Alver sin posisjon og rolle i regionen	13
4.2.6 Næringsutvikling	14
4.2.7 Pendling og mobilitet	15
4.2.8 Levekår og folkehelse	16
4.2.9 Oppvekst og utdanning	16
4.2.10 Kultur, idrett og friluftsliv	17
4.2.11 Samfunnstryggleik og beredskap	18
5. Nasjonale og regionale føringar	19
5.1 Nasjonale føringar	19
5.2 Regionale føringar	20
5.3 Regionale planar og strategiar	20

1. Innleiing

Kommuneplanen er den viktigaste planen til ein kommune. Planen er todelt og består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Kort fortalt seier samfunnsdelen kva mål og strategiar vi skal arbeide etter når vi utviklar kommunen vår, medan arealdelen visar kva aktivitet vi skal ha kor i kommunen.

Kommuneplanen er viktig for alle som bur og driv næring i kommunen. Difor er det eit paradoks at mange ikkje veit kva ein kommuneplan er og ikkje veit korleis dei skal lese og bruke han.

Dette vil vi gjere noko med i Alver kommune!

Når vi no startar arbeidet med Alver kommune sin aller første samfunnsdel, skal vi tenke nytt – både når vi inviterer til å kome med innspel og når vi utarbeider sjølve planen.

Dette planprogrammet visar korleis vi vil jobbe for å få fleire til å kome med innspel og fleire til å bruke planen når han er ferdig. Planprogrammet delar også kunnskap om dei mest sentrale utviklingstrekk til kommunen og peikar på aktuelle tema, som vi kan sjå nærare på i arbeidet med samfunnsdelen.

Første fase i arbeidet med samfunnsdelen er å hente innspel til planen. Vi har sett av tre månader til å lytte og drøfte framtida til Alver med politikarar, tilsette og alle som bur og driv næring her.

Eitt av hovudmåla med medverknadsprosessen er å jakte på og byggje ein felles identitet for alverbuen. Kven er vi? Kor skal vi? Korleis kjem vi oss dit?

Det er ekstra spennande å stille desse spørsmåla no. Vi er ein heilt ny kommune og startar med dette jakta på det nye fellesskapet, den nye identiteten – i den nye kommunen, kommunen vår.

2. Slik skal vi jobbe med planlegging

2.1 Organisering av arbeidet

Arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel går parallelt med arbeidet med kommunedelplanen for helse og omsorg og kommunedelplanen for oppvekst. Vi skal få fram felles innsikt og kunnskap for dei tre planane, og planlegg difor eit felles medverknadsopplegg der vi involverer og hentar innspel frå innbyggjarar.



Målet er å sikre ein heilskapleg og planstyrt utvikling av den nye kommunen. All overordna planlegging er lagt til sektor for samfunnsutvikling. Avdeling for plan og analyse skal vere prosesseiar for alle overordna planar.

Alt planarbeid i Alver skal vere organisert som prosjekt og blir gjennomført etter ein bestemt metodikk. Planarbeidet skal følgje ein bestillingsrutine som viser kva plantype, styringsprosess og ansvarsliner som skal gjelde for planarbeidet. For alle planane vil vi utarbeide ein prosjektomtale der mandat, organisering og ressursbruk blir avklart. Vi skal også synleggjere korleis planane skal følgjast opp etter vedtak.

2.2 Roller og ansvar i arbeidet med samfunnsdelen

- Politisk styringsgruppe
 - Formannskapet har det overordna ansvaret for kommuneplanen sin samfunnsdel.
- Administrativ arbeidsgruppe
 - Leiargruppa består av rådmann og kommunalsjefar. I tillegg er kommuneoverlege og kommunikasjonsleiar med. Gruppa fungerer som ei styringsgruppe for det overordna arbeidet med kommuneplanen. Gruppa skal sikre heilskap og sørge for at alle tenesteområda blir godt ivaretatt i planen.
- Prosjektansvarleg
 - Kommunalsjef for samfunnsutvikling er prosjektansvarleg.
- Prosjektleiar
 - Prosjektleiar har ansvar for å leie arbeidet med samfunnsdelen, og skal sørge for arbeidet følgjer framdriftsplanen.
- Prosjektgruppe
 - Prosjektgruppa består av prosjektleiar, kommunikasjonsleiar og fire planleggjarar frå plan- og analyseavdelinga. To av planleggjarane skal vere prosjektleiarar for prosessane med kommunedelplan for helse og omsorg, og kommunedelplan for oppvekst. Kommunikasjonsleiar får eit særskilt ansvar for å lage kommunikasjonsstrategi, følgje opp nettstad, sørge for god kommunikasjon og informasjon til Alver-samfunnet og bidra til både organisering og gjennomføring av medverknadsprosessen.
- Arbeidsgrupper
 - Gruppene skal ha ei tverrfagleg samansetting. Gruppene vil få oppgåver som er bestemt av prosjektgruppa, til dømes hente inn informasjon der det er nødvendig.



- Referansegrupper
 - Politiske råd og utval vil vere interne referansegrupper i planarbeidet. Eksterne referansegrupper kan vere personar frå frivillige lag og organisasjonar, interesseorganisasjonar, næringsorganisasjonar, konsulentar m.m. Desse gruppene blir tatt med i planarbeidet når dette er aktuelt.

2.3 Langsiktige og overordna arealstrategiar

Samfunnsdelen til Alver kommune skal innehalde arealstrategiar. Arealstrategi er bindeleddet mellom samfunnsdelen og arealdelen i kommuneplanen. Den skal vise hovudprinsipp for kommunen sin langsiktige arealbruk og gje føringar for kommuneplanen sin arealdel. Arealstrategien skal spegle verdival og avveging av motstridande omsyn.

Fordeler med ein arealstrategi kan vere:

- å skildre arealkonsekvensar av mål og strategiar i samfunnsdelen
- planarbeidet blir meir forutsigbart for eksterne aktørar
- tidleg politisk dialog og forankring
- medverknad på strategisk nivå
- heilskap i planlegginga

Eksempel på retning innan arealstrategi, som vi kan sjå nærare på i samfunnsdelen:

- lokal- og nærsenteravgrønsing
- utvikling av Knarvik som region- og kommunesenter
- avklare kor hovudtyngda av utviklinga i kommunen skal skje
- utvikle lokal- og nærsenter som legg opp til meir sykkel og gange
- fortetting med kvalitet
- nærtur og grønne bindingar mellom stader
- flerbruk/sambbruk av offentlege bygg eller møteplassar
- korleis ta vare på jordbruksareal
- omsyn til klimatilpassing i planlegginga
- korleis vi kan vere med å skape levande bygder i Alver
- næringsstruktur

2.4 Handlingsdel integrert i økonomiplan

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal vere eit kortfatta, spissa og tydeleg dokument. Planen skal vere eit verktøy som sikrar god styring gjennom handlingsplan, økonomiplan og andre plandokument i perioden.

Kommuneplanen sin handlingsdel er ein del av samfunnsdelen. Handlingsdelen skal vise korleis vi skal gjennomføre visjonar, mål og strategiar i samfunnsdelen innanfor kommunen sine økonomiske rammer.

Økonomiplanen er ein oversikt over forventa inntekter, bruken av midlane og prioriterte oppgåver i kommunen. Økonomiplanen ser alltid fire år fram, og blir oppdatert kvart år.



Vi skal ha ein meir synleg kopling mellom handlingsdelen i samfunnsdelen og økonomiplanen. Målet er at økonomiplanen skal vise korleis vi skal følgje opp satsingsområde og/eller hovudmål i kommuneplanen sin samfunnsdel.

2.5 Berebjelkar i planarbeidet med samfunnsdelen

Folkehelse og berekraftsmåla blir gjennomgangstema i samfunnsdelen.

Folkehelsearbeid er samfunnet si samla innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremjar helse og trivnad i befolkninga, og som førebyggjer psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding, eller som beskyttar mot helsetruslar. Arbeid for ein likare fordeling av faktorar som direkte eller indirekte påverkar helsa er og folkehelsearbeid.

Det er eit mål at samfunnsdelen skal bidra til eit systematisk folkehelsearbeid i Alver. Vi skal ta tak i utfordringane og bruke dei virkemidlane vi har for å leggje til rette for gode liv og trygge omgjevnader for innbyggjarane våre.

FNs BÆREKRAFTSMÅL



Berekraftsmåla til FN er ein felles plan for alle land i verda, som seier korleis vi må jobbe for å utrydde fattigdom, nedkjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030.

Berekraftsmåla ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng og inneber at vi må tenkje heilskapleg når vi skal løyse framtidens utfordringar.

Regjeringa har forplakta Noreg til å arbeide for å nå måla, og ventar at vi som kommunar brukar måla aktivt i eigen planlegging.



I Alver kommune ønskjer vi å utarbeide ein kommuneplan som tar utgangspunkt i berekraftsmåla. I den vidare prosessen, må vi vurdere om vi skal leggje særleg vekt på nokre av måla.

UNESCO sitt biosfæreprogram har som mål å oppnå langsiktig berekraftig bruk av jorda sine ressursar. For at dette skulle breie om seg vart det bestemt at det skal utnemnast modellområde som skal vise gode eksemplar på berekraftig bruk – **Biosfæreområde**. Nordhordland fekk i 2019 status som Noregs første biosfæreområde.

Området strekkjer seg frå havet og kysten i vest, gjennom kyst- og fjordlandskapet til toppen av Stølsheimen 1300 m.o.h. og deretter ned til Sognefjorden. Det utnemnde UNESCO Biosfæreområdet inkluderer kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Alver, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Vaksdal og Øygarden. I tillegg er også deler av arealet til kommunane Vik, Høyanger, Voss, Askøy og Bergen tatt med.



2.6 Framdriftsplan

2020	Jan	Feb	Mars	Apr	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
DEL I: Utarbeiding av planprogram og medverknadsprosess												
Utarbeide forslag til planprogram	■	■										
Planforum		■										
Planoppstart og planprogram på høyring og offentlig ettersyn				■	■	■						
Medverknadsperiode									■	■	■	■
Vedtatt planprogram									■			
DEL II: Utarbeiding av samfunnsdelen med medverknadsprosess												
Utarbeiding av plan (mål og strategiar) - Medverknadsprosess med politiske nivå											■	■
2021	Jan	Feb	Mars	Apr	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
...fortsetter utarbeiding av plan	■											
1.gangs handsaming		■	■	■								
Høyring og offentlig ettersyn					■	■						
Vurdering av merknader og innspel						■	■	■				
Vedtatt plan									■			

3 Slik skal vi involvere og hente innspel

3.1 Dette seier lova om medverknad

Plan- og bygningslova stiller ei rekkje krav til korleis vi skal involvere og gjere innbyggjarar og aktørar i samfunnet kjent med planarbeidet.

Lova seier mellom anna at vi må:

- leggje planprogrammet og planen ut på høyring og til offentleg ettersyn
- kunngjere planen i minst ei avis og gjere han kjent gjennom elektroniske media
- sikre deltaking frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, særleg barn og unge
- vise korleis vi har vurdert og lagt vekt på innspel vi får til planforslaget

3.2 Plan for innbyggjarinvolvering og kommunikasjon

Kommuneplanen sin samfunnsdel er viktig for alle som bur og driv næring i kommunen. Difor legg vi til rette for eit omfattande medverknadsløp.

Eitt av hovudmåla med medverknadsprosessen er å jakte på og byggje ein felles identitet for alverbuen. Kven er vi? Kor skal vi? Korleis kjem vi oss dit? Vi ønskjer å motivere flest mogleg i heile kommunen til å kome med innspel.

Fire hovudstrategiar skal hjelpe oss å nå målet:

- Vi skal bruke eit klart språk i all skriftleg og munnleg kommunikasjon.
- Vi skal invitere oss sjølv til etablerte møteplassar.
- Vi skal bruke sosiale medium og digitale verkemiddel aktivt.
- Vi skal bruke visuelle verkemiddel som set i gang diskusjonar og profilerer prosessen.

Arbeidet med samfunnsdelen, kommunedelplan for helse og omsorg, og kommunedelplan for oppvekst skal gå parallelt. Medverknadsopplegget blir felles for alle desse planane, og startar opp til hausten.

Vi vil hente innspel frå:

- alle som bur i kommunen, særleg:
 - barn og unge
 - eldre
 - sårbare grupper som elles ikkje er så lett å involvere eller kome i kontakt med
- frivillige lag og organisasjonar
- næringsliv
- leiarar og tilsette i Alver kommune
- politiske råd og utval

Vi ønskjer at ungdomsrådet til Alver kommune får ei sentral rolle i arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel. Vi legg opp til eit tett samarbeid med rådet, som har representantar frå lag og organisasjonar, ungdomsskule og vidaregåande skule. Ungdomar frå heile den nye kommunen er med i rådet.

Vi skal lage ein meir detaljert plan for medverknad tidleg i planprosessen. Den administrative og politiske styringsgruppa for prosjektet skal godkjenne denne planen.



4 Utviklingstrekk og sentrale tema i Alver kommune

4.1 Desse lokale planane og rapportane byggjer vi på

Fleire planar og rapportar gir innsikt og retning til arbeidet vi no går i gang med:

- Politisk intensjonsavtale om samanslåinga (2016)
- Utfordringsnotat om hovudtrekk og utfordringar i kommunen (2019)
- Kommuneplanen sin samfunnsdel, Meland kommune (2013)
- Kommuneplanen sin samfunnsdel, Lindås kommune (2017)
- Kommuneplanen sin samfunnsdel, Radøy kommune (2011)

Kommuneplanen til Alver kommune skal byggje på erfaring frå arbeidet med dei siste samfunnsdelane til Meland, Lindås og Radøy.

Vi har i tillegg utarbeidd eit strategi- og styringsdokument for samfunnsutvikling, som inneheld visjonar og mål frå intensjonsavtalen og mål og strategiar frå kommuneplanane.

Strategi- og styringsdokumentet peikar på fire berebjelkar for samfunnsutvikling:

- vekst og innovasjon
- berekraft, klima og miljø
- kultur og frivilligheit
- folkehelse, tryggleik og deltaking

Strategi- og styringsdokumentet peikar også på sju utviklingsområde, som er direkte henta frå intensjonsavtalen:

1. utvikling av regionsenter, kommunesenter lokal- og nærsenter
2. næring, innovasjon og entreprenørskap
3. lokalsamfunn, nærmiljø, kultur og frivilligheit
4. berekraft, klima og miljø
5. medverknad og lokaldemokrati
6. tenesteutvikling, digitalisering og organisasjon
7. samfunnstryggleik og beredskap

I tillegg til planane over, er fleire rapportar under arbeid. Desse gir også viktig innsikt til arbeidet med den nye kommuneplanen:

- Oversiktsdokumentet helsetilstand og påverknadsfaktorar
- Strategisk næringsplan
- Utgreiing om miljøvenlege måtar å reise på (grøn mobilitet)
- Mogleighetsstudie for region- og lokalsenter i Alver kommune

4.2 Sentrale utfordringar for Alver og forslag til tema i samfunnsdelen

«Mogleighets- og utfordringsdokumentet» frå 2019 vart laga i samband med arbeidet med planstrategien til Alver kommune. Dokumentet tar utgangspunkt i nasjonal og regional

statistikk og seier kva som er hovudtrekka og utfordringane til Alver kommune. Notatet er eit viktig kunnskapsgrunnlag til arbeidet med planprogrammet og kommuneplanen.

I avsnitta under oppsummerer vi hovudtrekk frå notatet og peikar på forslag til tema det kan vere aktuelt å sjå nærare på i samfunnsdelen.

4.2.1 Befolkningsutvikling

Ved inngangen til 2020 budde det om lag 29.000 innbyggjarar i Alver kommune. Dette gjer Alver til den fjerde største kommunen i Vestland fylke. Dei siste 20 åra har Alver-kommunane Lindås, Meland og Radøy vore mellom kommunane i landet med høgast vekst i innbyggjartal.

Alver-kommunane har dei siste åra tatt imot mange innvandrarar frå Europa og andre plassar i verda. Dei største innvandrargruppene i Alver er frå Polen, Romania og Litauen.

Mange unge i etableringsfasen har flytta til Alver frå andre plassar i Noreg. Sett under eitt, er befolkninga ung og barnetala høge.

Det er dei sentrale områda sør i kommunen, det vil seie aksen Alversund-Knarvik-Frekhaug, som har fått flest tilflyttarar. I tillegg har dei interne flyttestraumane i kommunen kome desse områda til gode. Elevtala på skulane i dette området har auka med mellom 50 og 70 prosent i same periode. Ønske om å bu nært handel- og servicefunksjonar, men også i nærleiken av arbeidsmarknaden i Bergen er truleg drivaren for desse flyttestraumane. Langt fleire utpendlarar har busett seg i kommunen. Alver har blitt sentralisert, men har framleis eit spreidd busetnadsmønster med levande bygder i heile kommunen.

Prognosane for Alver har blitt justert ned fleire gonger dei siste åra, som følgje av at det har kome færre innvandrarar og tilflyttarar til kommunen. Usikkerheita i prognosane er sterkast for aldersgruppene som er mest påverka av endringar i flytting og migrasjon, det vil seie unge vaksne og barn. Nedjustering av folketalsprognosane dei siste åra har difor slått sterkast ut for desse aldersgruppene. Dette må vi vere merksame på også i den vidare planlegginga av Alver kommune. Trendane kan snu, men no ser det ut til at også dei siste folketalsprognosane er for optimistiske. Truleg er vi avhengige av at både tilflytting frå andre plassar i Noreg og innvandringa aukar for at prognosane skal slå til for desse aldersgruppene.

Derimot er det knytt lite usikkerheit til at Alver vil få fleire eldre innbyggjarar i åra som kjem. I 2035 er det venta å bli over 1000 fleire personar over 75 år i Alver.

Eksempel på tema om befolkningsutvikling, som vi kan sjå nærare på i samfunnsdelen:

- forventa befolkningsvekst
- korleis stimulere til folkevekst
- fleire eldre
- færre barn og unge

- busetnadsmønsteret i kommunen

Aktuelle berekraftsmål:

- mål 4: «god utdanning»
- mål 8: «anstendig arbeid og økonomisk vekst»
- mål 11: «bærekraftige byer og samfunn»

4.2.2 Samordna areal- og transportplanlegging

Knarvik er både regionsenter i Nordhordland og kommunesenter i Alver. Frekhaug, Vikebø, Manger, Bøvågen, Lindås og Ostereidet er definert som nærsenter i kommunen. Desse har ulik karakter, storleik og tenestetilbod til innbyggjarane.

Alver kommune har eit stort landareal med eit spreidd busetnadsmønster, og dei som ikkje bur i senterområda er avhengige av bil til det meste.

Om lag 44 % bur utanfor tettbygde område, og har lengre veg til aktivitets- og servicetilbod. Dei største konsentrasjonane av busetnad finn vi sør-vest i kommunen, langs aksen Frekhaug-Knarvik- Alversund, som har hatt sterk vekst dei siste tiåra.

Både statlege forventningar til kommunal planlegging og berekraftsmåla legg vekt på at det må planleggast for meir konsentrert utbygging rundt tettstadene, samstundes som vern av landbruksareal, naturverdiar og kulturmiljø blir vektlagt.

Eksempel på tema om samordna areal- og transportplanlegging, som vi kan sjå nærare på i samfunnsdelen:

- senterstruktur og senteravgrensing
- bustadbygging
- gode lokalsamfunn i heile kommunen
- fritidstilbod og offentleg og privat tenesteyting
- vasskvalitet og handtering av utslepp
- overvatn
- jordvern
- kulturlandskap

Aktuelle berekraftsmål:

- mål 11: «bærekraftige byer og samfunn»
- mål 13: «stoppe klimaendringane»
- mål 14: «liv under vann»
- mål 15: «liv på land»

4.2.3 Grøn omstilling

Dei globale klima- og miljøutfordringane krev omstilling til eit samfunn der vekst og utvikling skjer innanfor rammene for det naturen toler. Vi treng produkt og tenester som gir betydeleg

færre negative konsekvensar for klima og miljø enn det vi har i dag. Alver-samfunnet må bidra. Omstillinga omfattar alle samfunnsområde og aktørar. Innovasjon og teknologiutvikling er ein av nøklane til det grøne skiftet, og næringslivet er ei sentral kraft.

Dette blir eit viktig tema i kommuneplanen, som vil gi føringar for anna planlegging i kommunen.

Eksempel på tema om grøn omstilling, som vi kan sjå nærare på i samfunnsdelen:

- særlege klima- og miljøutfordringar
- meir effektiv energibruk
- materialbruk
- bruk av eksisterande bygningsmasse
- meir kollektivtransport, sykkel og gange
- utbyggingsmønster
- nye næringar
- teknologi
- kortreiste og lokale produkt

Aktuelle berekraftsmål:

- mål 3: «god helse»
- mål 4: «god utdanning»
- mål 7: «ren energi for alle»
- mål 8: «anstendig arbeid og økonomisk vekst»
- mål 9: «innovasjon og infrastruktur»
- mål 11: «bærekraftige byer og samfunn»
- mål 12: «ansvarlig forbruk og produksjon»
- mål 13: «stoppe klimaendringane»
- mål 14: «liv under vann»
- mål 15: «liv på land»
- mål 16: «fred og rettferdighet»
- mål 17: «samarbeid for å nå målene»

4.2.4 Fellesskap og attraktive nærmiljø

Å leggje til rette for attraktive nærmiljø og møteplassar krev god kunnskap, riktige verktøy og tilpassa tiltak. Berekraftig stadsutvikling må sikre god forvaltning og utvikling av offentlege rom som blir tilgjengelege for alle. Vi ønskjer å leggje til rette for ulike typar møteplassar som inviterer til sosialt fellesskap. Det er også viktig å leggje til rette for fysisk aktivitet, og eit aktivt idretts- og friluftsliv, særleg for barn og unge.

Ungdom i Alver rapporterer i større grad enn samanliknbare kommunar at dei ikkje er nøgde med lokalmiljøet sitt, og det er færre som trivst svært godt på skulen. Sjølv om nær 65 % av ungdomane deltek i ein fritidsorganisasjon, er det meir enn 35 % som ikkje gjer det.

Lokalsamfunnet har stor innverknad på den psykiske helsa og livskvaliteten til barn og unge. Vi treng meir kunnskap om dei unge vaksne sine verdiar og forventningar til kultur- og opplevingstilbod. Kommunen ønskjer å vere attraktiv for denne befolkningsgruppa.

Eksempel på tema om fellesskap og attraktive nærmiljø, som vi kan sjå nærare på i samfunnsdelen:

- attraktive møteplassar
- fellesskap og trivnad
- kultur, idrett og friluftsliv

Aktuelle berekraftsmål:

- mål 5: «likestilling mellom kjønnene»
- mål 11: «bærekraftige byer og samfunn»

4.2.5 Alver sin posisjon og rolle i regionen

Knarvik er regionalt knutepunkt i «regional plan for attraktive senten» frå 2014. Planen er utarbeidd av Hordaland fylkeskommune.

Store deler av Nordhordland har mindre enn ein time reiseveg til Knarvik. I tillegg til service og tenesteyting, er fleire regionale funksjoner lokalisert i Knarvik, til dømes legevakt og vidaregåande skule. Knarvik er i dag eit tydeleg regionsenter i Nordhordland, og vi ventar at tettstaden vil halda posisjonen som handels-, teneste- og administrasjonssenter framover.

Knarvik er i stor grad prega av parkerings- og trafikkareal, handel og service. Det er liten aktivitet på kveldstid og i helgar, og lite rom for rekreasjon og oppleving.

I 2015 vart områdeplan for Knarvik sentrum vedtatt. Planen legg til rette for at Knarvik skal utviklast til å bli ein attraktiv småby med god tilrettelegging for handel og service, god kollektivdekning, effektive parkeringsløyser og gode byrom for aktivitet og sosialt samvær.

I Knarvik sentrum arbeider kommunen med gjennomføring av arealplanen, der hovudmålsettinga er å:

- sikre ein heilskapleg og god utvikling av Knarvik sentrum
- koordinere alle interne prosessar og ha ansvar for kommunikasjon med eksterne aktørar
- bidra til å få i gang prosessar som er nødvendige for å starte utbygging av området
- gjennomføre utgreiingar og vurderingar som sikrar avgjerdsgrunnlag for vidare utvikling av området

Eksempel på tema om fellesskap og attraktive nærmiljø, som vi kan sjå nærare på i samfunnsdelen:



- Knarvik som regionssenter og kommunesenter
- lokal- og nærsenterstruktur
- ta heile Alver i bruk

Aktuelle berekraftsmål:

- mål 9: «innovasjon og infrastruktur»
- mål 11: «bærekraftige byer og samfunn»

4.2.6 Næringsutvikling

Det er langt fleire industriarbeidsplassar i Alver enn i landet elles. Medan 8 % av arbeidsplassane nasjonalt er industriarbeidsplassar, er heile 18 % av arbeidsplassane i Alver knytt til industri.

Handelsnæringa er den viktigaste besøksintensive næringa vi har, og er difor sentral for utviklinga av sentera og tettstadane i Alver. Hovudtyngda av arbeidsplassar innan handelsnæringa i Alver er i Knarvik. Elles er jordbruk, skogbruk og fiskeri noko større i Alver enn elles i landet. Det same er undervisning og helse- og sosialtenester. Tenesteyting i privat sektor er ein tilsvarande liten del av næringslivet i Alver. Unntaket er transport og lagring som er noko større i Alver enn elles i landet. Samanlikna med dei andre kommunane kring Bergen har arbeidsplassutviklinga i Alver vore mellom dei svakaste. Sidan 2012 har trenden for Alver likevel vore positiv.

Stortinget har gitt kommunen rolla som regional samfunnsutviklar. Dette betyr at Alver må ta ansvaret for heilskapleg og ønska utvikling i regionen. Ein av utfordringane for kommunen er å føre ein næringspolitikk som bidrar til å skape langsiktig og berekraftig vekst i næringslivet.

Eksempel på tema om næringsutvikling, som vi kan sjå nærare på i samfunnsdelen:

- kommunen si rolle
- nyetableringar
- næringsareal
- vekst og utvikling innan jordbruk, skogbruk og fiskeri
- utdanningstilbod
- utvikle kulturlivet og kulturminne
- akvakultur/havbruksnæring

Aktuelle berekraftsmål:

- mål 4: «god utdanning»
- mål 8: «anstendig arbeid og økonomisk vekst»
- mål 11: «bærekraftige byer og samfunn»
- mål 14: «liv under vatn»

4.2.7 Pendling og mobilitet

I 2018 laga Lindås, Meland og Radøy ein rapport om pendling. I rapporten kjem det fram at 1.795 av dei som budde i dei tre kommunane pendla.

Talet på dei som pendlar frå heimen sin i Meland og Radøy til arbeid i Lindås er dobbelt så stor som den samla interne pendlinga i Meland og Radøy.

Dei største trafikkstraumane for busette i Alver går:

- nordover mot Mongstad
- internt i eller mellom Knarvik og Frekhaug
- mot Bergen

Mangel på relevante jobbar, større fagmiljø og fleire karrieremoglegheiter, samt ønske om å bli buande, er dei desidert største årsakene for utpendlarane. 75% av dei som pendlar til Alver kommune kjem frå Bergen.

To tredjedelar av utpendlarane og meir enn tre fjerdedelar av innpendlarane nyttar privatbil eller motorsykkel for å kome seg på jobb.

Kollektivdelen er 16% for utpendlarar og 13% for innpendlarar. 61 % av utpendlarane til Bergen nyttar privatbil. Mellom dei som nyttar privatbil eller motorsykkel, er hyppigare bussavgangar den viktigaste faktoren for å heller reise kollektivt. 17 % av utpendlarane og 15 % av innpendlarane seier at dei i større grad vil gå eller sykle om det blir lagt betre til rette for dei som går og sykklar. Tryggare og meir gang- og sykkelveg er dei viktigaste tiltaka.

Grøn mobilitet skal vere ein del av kunnskapsgrunnlaget til kommuneplanen. Vi skal lage ein eigen strategi for dei som sykklar og går. Dette handlar om både transport, rekreasjon og folkehelse, i tillegg til arealbruk og arealplanlegging. Rapporten er prioritert i planstrategien, og arbeidet startar opp våren 2020.

Eksempel på tema om pendling og mobilitet, som vi kan sjå nærare på i samfunnsdelen:

- vegnettet
- infrastruktur for dei som går og sykklar
- trafikktryggleik

Aktuelle berekraftsmål:

- Mål 3: «god helse»
- mål 11: «bærekraftige byer og samfunn»
- mål 12: «ansvarlig forbruk og produksjon»

4.2.8 Levekår og folkehelse

Vi har starta arbeide med det lovpålagte oversiktsdokumentet «helsetilstand og påverknadsfaktora» i kommunen.

Vi veit at sosial ulikskap i helse er systematiske skilnader som følgjer inntekt, yrke og utdanning. Slike ulikheiter finn vi for dei fleste mål på helse, for begge kjønn og i dei fleste aldersgrupper. Vi kan sjå på helse som endepunktet i ei årsakskjede. Grunnleggande sosiale tilhøve som utdanning og økonomi vil saman med miljøtilhøve, levevanar og helsetenester påverke helsa. Kommunen kan setje inn tiltak for å betre helsa og utjamne helseskilnader på alle ledd i årsakskjeden. Nøkkelen til å redusere ulikskap innanfor helse ligg i den samla innsatsen, og ikkje i få enkelttiltak. Her har Alver verkemiddel.

Alver ventar ein auke i talet på eldre. Ein aldrande befolkning gjer det naudsynt å planlegge og utvikle meir aldersvenlege samfunn med helsefremjande og universelt utforma bumiljø, slik kvalitetsreforma «Leve heile livet» tek opp i seg. Aldersvenleg stadsutvikling handlar ikkje berre om tiltak retta mot eldre. Forsking og praktisk erfaring viser at det som er bra for eldre som regel er godt for alle.

Eksempel på tema om levekår og folkehelse, som vi kan sjå nærare på i samfunnsdelen:

- tidleg innsats
- utanforskap
- barnefattigdom
- livsmeistring
- aldersvenleg stedsutvikling
- friske eldre
- sosial bustadpolitikk
- universell utforming
- kommunale bustader
- reint drikkevann

Aktuelle berekraftsmål:

- mål 3: «god helse»
- mål 4: «god utdanning»
- mål 5: «likestilling mellom kjønnene»
- mål 6: «rent vann og gode sanitærforhold»
- mål 8: «anstendig arbeid og økonomisk vekst»
- mål 10: «mindre ulikhet»
- mål 11: «bærekraftige byer og samfunn»

4.2.9 Oppvekst og utdanning

Alver kommune har, samanlikna med resten av kommunane i Noreg, ei relativt ung befolkning. Vi har ein desentral skulestruktur med 22 grunnskular. Dei siste åra har barneskulane i Alver hatt dårlegare resultat enn snittet elles i fylket og landet. Dette handlar i

stor grad om at fleire av elevane på 5. trinn er på det lågaste meistringsnivået på rekning og lesing. Fråfallet i vidaregåande skule i Alver ligg rett i overkant av snittet elles i fylket.

Delen barn i hushald med låg inntekt har auka betydeleg dei siste 10 åra. Samstundes ser vi at hushald med vedvarande låg inntekt ikkje har hatt same auke. Dette kan ha samanheng med at det har vore midlertidig auke i arbeidsledigheita i kommunen som konsekvens av nedgangen i oljenæringa. Denne trenden har no snudd.

Barn kan ikkje velje den familien dei blir fødd inn i eller kvar dei skal vekse opp. Målet er å redusere sosial ulikskap blant barn og ungdom slik at alle får ein god start i livet med gode livssjansar. Dette inneber å sikre like moglegheiter til kognitiv, språkleg, personleg, sosial og helsemessig utvikling og vekst.

Eksempel på tema innan oppvekst og utdanning, som vi kan sjå nærare på i samfunnsdelen:

- fattigdom i barnefamiljar
- tidleg innsats
- helsestasjon og skulehelseteneste
- fritidstilbod
- psykisk helse

Aktuelle berekraftsmål:

- mål 3: «god helse»
- mål 4: «god utdanning»
- mål 10: «mindre ulikhet»

4.2.10 Kultur, idrett og friluftsliv

Alver har eit rikt og breitt kultur- og idrettsliv med svært høg deltaking, der 86% av innbyggjarane er med i det lokale kulturlivet. Eit breitt og aktivt kulturliv er avgjerande for gode, levande og attraktive lokalsamfunn.

Kulturtenesta i Alver driv kulturskule, bibliotek, kulturhus, ungdomsklubbar og frivilligsentralar, i tillegg til utviklings-, aktivitets- og forvaltingsoppgåver innan idrett, friluftsliv, kulturvern, musikk, kunst og scene.

I høve planstrategien startar arbeidet med kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet hausten 2020, og fører vidare samordningsarbeidet av dei tre idrettsplanane ved Anleggsstrategi for Alver 2020-2024.

Kommunane har hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne, kulturmiljø og kulturhistoriske landskap i tråd med nasjonale mål. Arbeidet med kulturminneplan for Alver startar truleg opp i 2020, og vil byggje på kulturminneplanen for Radøy frå 2017, samt allereie utarbeidd kunnskapsgrunnlag frå Lindås og Meland.

Det skal leggjast til rette for vekst og utvikling med utgangspunkt i lokal identitet, og kommunen skal utvikle attraktive, helsefremjande og inkluderande lokalsamfunn. Alver skal byggja vidare på og stimulera det lokale mangfaldet som er av frivillige lag og organisasjonar innanfor kultur og idrett.

Eksempel på tema om gode kultur, idrett og friluftsliv, som vi kan sjå nærare på i samfunnsdelen:

- attraktive kultur- og idrettstilbod
- breiare kultur- og fritidstilbod
- kultur som verktøy for attraktive, levande og inkluderande lokalsamfunn
- fysisk aktivitet
- kulturlivet og samarbeid mellom offentleg og frivillig sektor

Aktuelle berekraftsmål:

- mål 3: «god helse»
- mål 5: «likestilling mellom kjønne»
- mål 10: «mindre ulikhet»
- mål 11: «bærekraftige byer og samfunn»

4.2.11 Samfunnstryggleik og beredskap

Kommunen har eit ansvar for å sikre at innbyggjarane har ein trygg kvardag. For å sikre god samfunnstryggleik og beredskap er det viktig at kommunen har oversikt over kva type hendingar som kan skje i kommunen. Dette skal komme fram gjennom ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse).

Klimaendringane har blitt ein sentral del av risikobiletet. Auka nedbør, meir ekstremvêr, havnivåstigning og andre gradvise endringar kan få store konsekvensar for helse, jordbruk, fiskeri, samferdsle, bygg, anlegg og naturmangfald. I tillegg kan det få konsekvensar for kvar innbyggjarar kan byggje hus og etablere seg.

Ny plan for samfunnstryggleik og beredskap er prioritert i planstrategien, og startar etter planen opp våren 2021.

Eksempel på tema om samfunnstryggleik og beredskap, som vi kan sjå nærare på i samfunnsdelen:

- kommunen sine særlege utfordringar
- meir ekstremvêr og nedbør
- handtering av overvatn

Aktuelle berekraftsmål:

- mål 3: «god helse»



- mål 11: «bærekraftige byer og samfunn»
- mål 13: «stoppe klimaendringene»

5 Nasjonale og regionale føringer

5.1 Nasjonale føringer

Regjeringa utarbeider «nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» kvart fjerde år. Dokumentet er retningsgivane, ikkje bestemmande. Det siste dokumentet vart vedtatt 14. mai 2019, og legg vekt på fire store utfordringar:

- å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ein forsvarleg ressursforvaltning
- å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- å skape eit trygt samfunn for alle

Regjeringa har bestemt at dei 17 berekraftmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Noreg. Difor er det viktig at berekraftmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga vår.

Ei anna forventning, som er aktuell for dette arbeidet, er at kommunane skal lage arealstrategiar i arbeidet med samfunnsdelen. Dette skal gjere planlegginga meir føreseieleg.

Andre nasjonale lover og retningslinjer som legg føringer for arbeidet med kommunal planlegging er:

- plan- og bygningslova
- folkehelselova
- naturmangfaldslova
- sivilbeskyttelseslova
- samhandlingsreforma
- helse- og omsorgstenestelova
- friluftsløva
- jordlova
- kulturminnelova
- forureiningslova
- diskriminerings- og tilgjengelova
- statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen
- statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging i kommunane
- rikspolitiske retningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga
- rikspolitiske retningslinjer for universell utforming
- regjeringa sin miljøpolitikk og rikets miljøtilstand

5.2 Regionale føringer

Vestland fylkeskommune er regional planmyndig for Alver kommune. Fylkeskommunen har blant anna ansvaret for å utarbeide regional planstrategi og regionale planar.

Den regionale planstrategien skal gjere greie for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar, vurdere langsiktige utviklingsmoglegheiter og ta stilling til kva spørsmål som skal takast opp gjennom regional planlegging. Vi skal leggje dei regionale planane til grunn for vårt arbeid.

5.3 Regionale planar og strategiar

Aktuelle regionale planer og strategiar i arbeidet med kommuneplanen:

- Regional areal- og transportplan for bergensområdet
- Regional plan for folkehelse – fleire gode levekår for alle – 2014-2026
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026
- Klimaplan for Hordaland 2014-2030
- Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025
- Regional plan for kompetanse og arbeidskraft
- Regional transportplan
- Regional plan for vassregion Hordaland